

Kjærleiksmiddag

Tsatsiki er 10 år. Han har alt hatt fleire kjærastar. Han har tungekyssa. Vennen hans heiter Per Hammar. Han er ikkje like modig som Tsatsiki. Tsatsiki og Per har bede Sara og Elin på film og kjærleiksmiddag.

– No kjem dei! ropte Tsatsiki.

– Hjelp, eg torer ikkje! Eg trur eg dør! ropte Per.

Jentene såg pene ut. Per Hammar gjekk på do i eitt sett.

Han var redd.

Tsatsiki la eit pledd framfor TV-en. Da kunne dei kysse og sjå på film samstundes.

Tsatsiki sette på filmen. Det var ein jentefilm. Ein romantisk komedie.

Elin sette seg på pleddet slik at Per Hammar skulle få plass. Per var heilt stiv og såg rett i TV-skjermen.

Tsatsiki drog pleddet over hovudet på seg og Sara. Dei fniste.

Elin drog pleddet over hovudet på seg og Per Hammar. Per fniste ikkje i det heile.

Tsatsiki og Sara kyssa.

Plutseleg hørde dei ei merkeleg gurgling.

Tsatsiki måtte sjå på Per og Elin.

Per Hammar var ikkje redd lenger.

Han såg rett på Elin.

– M-m-m, sa Per.

Tsatsiki syntes det var gøy å sjå at Per Hammar fekk sitt første kyss.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 65.

Gjer oppgavene 1, 4, 5 og 6.